



Uskedalsgutane i NC: Foran ligg Bjørn Martin Haugland. Bak sit frå venstre Johannes Taranger, Hans Fredrik Guddal Zimmer, Hermund Døssland, Mats Raustein og Stian Myklebust. (Foto: Silje Bråtun)

Lagleiar Arvid Nes sa før kampen til Rosendals gutar 14 mot favorittlaget vålerenga at her galdt det framfor alt å begrensa tapet. Han hadde så rett - men det stoppa ikkje før 9-0 var nådd.

Det får vera ei trøyst at Start måtte døyva et nesten like stort tap mot Oslolaget i tippeligaen dagen før!

I denne siste puljekampen hadde Rosendal ein bra opning der gutane mellom anna stoppa eitt frispark frå 18 meter med ein god mur. Det første målet kom etter 10 minuttar. Like etter var det ein bra Rosendal-sjansje, men avslutninga var for enkel. Så kom mål nummer 2 og 3 - det siste på ei heller billeg straffe.

Rapportøren noterer ein god redning av Håvard Krossøy og eit godt frispark av Sondre Eskeland i minutta etterpå. Keeperen gav retur, men headinga gjekk over. 4-0 kom etter corner og like etter hadde uredde Håvard to nye og gode redningar.

I 2. omgang verka det som om Vålerenga hadde skifta ut heile laget. Måla rann inn og det skjedde ikkje minst etter svipt i midtforsvaret. Rosendal var ikkje utan sjansar. Sondre Eskeland hadde eit frispark i tverrliggaren, men det vart stolpe ut i neste omgang.

Mot slutten av kampen var Rosendal aleine med keeper, men han rykka ut og hindra scoring.

Konklusjonen blir at Rosendal gjorde ein flott innsats trass i det store tapet.

No er B-sluttspel innan rekkevidde. Bardufoss må vinna med mange mål for å hindra det.

Av Ola Matti Mathisen